



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 13. juni 2019

Sak

2019/0016 Arbeiderbevegelsens Rus- og Sosialpolitiske Forbund avd Moss – org. nr. 998 425 611 – klage over vedtak om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Til stades: Leiar Elisabeth Wittemann, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Bakgrunn for saka

Arbeiderbevegelsens Rus- og Sosialpolitiske Forbund avd Moss (klagar) søkte 16. august 2018 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2017.

Lotteritilsynet gjorde vedtak om å avslå søknaden 9. oktober 2018, med grunngjeving at klager er eit underledd av Arbeiderbevegelsens Rus- og Sosialpolitiske Forbund, og difor ikkje kan søke på sjølvstendig grunnlag. Avslaget var vidare grunngjeven med at klagar ikkje var registrert i Frivilligregisteret innan søknadsfristen.

Klagar klaga på vedtaket 21. oktober 2018. Klager held fram at dei er ein sjølvstendig organisasjon med eige organisasjonsnummer, drift og budsjett. Klagar viser til samanlikning til at alle fotballklubbar er ein del av eit sentralledd, men at dei søker om meirverdiavgiftskompensasjon for kvar einskild klubb på grunnlag av at dei er sjølvstendige lag med eigne organisasjonsnummer og eigne budsjett. Det vises til klagan i si heilhet.

Lotteritilsynet har ikkje funnet grunn til å gjøre om vedtaket sitt. Klagen med innstilling frå Lotteritilsynet 7. januar 2019 vart sendt til Lotterinemnda.

Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget for ordninga er forskrift 15. april 2013 nr. 386 om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar, som er oppheva, men som gjaldt på søknadstidspunktet.

Av forskrifta § 6 første ledd går det fram at «organisasjoner som består av fleire organisasjonsledd, skal søknaden fremmes av organisasjonens sentralledd på vegne av hele organisasjonen. Underledd som er tilknyttet et sentralledd, kan ikke søke på selvstendig grunnlag.»

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

I forskrifta § 3 første ledd bokstav b er eit lokalledd definert som «en juridisk selvstendig enhet på lokalt plan som organisatorisk og/eller gjennom vedtekter har tilknytning til regionalledd og et sentralledd.»

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Arbeiderbevegelsens Rus- og sosialpolitiske Forbund, avd Moss sin klage gjelder Lotteritilsynet sitt vedtak 9. oktober 2018 om å avslå søknad meirverdiavgiftskompensasjon.

Arbeiderbevegelsens Rus- og sosialpolitiske forbund avd Moss er eit underledd av Arbeiderbevegelsens Rus- og sosialpolitiske Forbund, og kan difor ikkje søke på sjølvstendig grunnlag, jf. forskrifta § 6 første ledd. Klagar held fram at dei er ein sjølvstendig organisasjon med eige organisasjonsnummer og eiga drift.

Lotterinemnda viser til at dette er i tråd definisjonen av eit lokalledd etter § 3 første ledd bokstav b. Det er klagar sitt ansvar å sette seg inn i reglane for kompensasjonsordninga. At eit underledd må søke gjennom sitt sentralledd går og fram av Lotteritilsynet sine heimesider. Når det gjelder klagar si merknad om at fotballklubbar ikkje treng å søke via sitt sentralledd, viser Lotterinemnda til Lotteritilsynet si innstilling side 3, om at også fotballklubbar må søke via sitt sentralledd.

Lotterinemnda held vidare fram at klagar heller ikkje var registrert i Frivilligregisteret innan søknadsfristen, slik det er eit krav til etter forskriften § 7 andre ledd.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfestat Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klagen vert ikkje teken til fylgje.

Dokumentet er godkjent elektronisk